

20.600 til demente og pårørende.

24.09.2012

Helselaget i Uskedalen har gjennomført ein ny stor innsamlingsinnsats. Årets dementsaksjon gav 20.600 kroner i bøssene. 26 flinke damer var i aksjon no i kveld. Det var så å seia det same resultatet som i fjor.

Dei 26 dekkja bygda frå fjord til fjell, og den største innsamlingsgruppa var 4 damer i Korsnes-området. Det var Marit Bakke, Klara Bakke, Haldis Åkra og Solveig Kjærland som ikkje er med på biletet. I vogna sit Ingvild som er 2 1/2 år.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen

